

Mandat

Lokalt samarbeidsorgan for forskning, innovasjon og utdanning (LSO) i Møre og Romsdal

Bakgrunn

Det har i lengre tid vore diskutert korleis samarbeidet mellom helsesektoren og universitets- og høgskulesektoren i Møre og Romsdal kan bli enda betre. Våren 2019 utforma HMR eit forslag til ny utvalsstruktur, og etter ein høyringsrunde vart det på møte mellom partane 27.11.2019 beslutta å etablere eit felles *Lokalt samarbeidsorgan for forskning, innovasjon og utdanning i Møre og Romsdal*.

Samansetning

Helse Møre og Romsdal HF (fast): 4 (fagdirektør, HR-direktør, forskningssjef, klinikkrepresentant)

UH-sektoren (fast): 4 (dekan, prodekan- eller instituttleiarnivå)

Brukarutval HMR (fast): 1

Observatørar:

Møre og Romsdal Fylkeskommune: 1

Norges Forskningsråd: 1

KS: 1

Kvar institusjon sørgjer for å oppnemne vararepresentantar.

Leiing

Leiing av det lokale samarbeidsorganet rullerar mellom HMR og UH-medlemmane. Leiar sit for to år av gangen.

Oppgåver

Lokalt samarbeidsorgan for forskning, innovasjon og utdanning (LSO) skal:

- Vere rådgjevande for besluttande organ i helse- og UH-sektoren i Møre og Romsdal - i saker som gjelder utdanning, forskning og innovasjon
- Behandle saker av overordna strategisk art som er av felles interesse for helseføretaket og UH-sektoren som handlar om utdanning, forskning og innovasjon. Dette gjeld m.a. oppfølging av nasjonale og regionale strategiar og handlingsplanar, som HelseOmsorg21, Nasjonal helse- og sjukehusplan m. fl.
- Arbeide for at rammevilkår, regelverk og insentivsystem knytt til forskning, utdanning og innovasjon vidareutviklast og harmoniserast for best mogleg å utnytte fellesskapet sine ressursar
- Arbeide for å regulere ansvar og roller knytt til utdanningssamarbeid, inklusiv kapasitet og kvalitet på praksisplassar, kompetanse og samarbeidsarenaer for forskings-, utviklings- og innovasjonsarbeid
- Arbeide for at utdanningar er kunnskapsbaserte, relevante og av god kvalitet
- Arbeide for at praksisstudiar er i tråd med studieplanar, nasjonale retningslinjer og forskrifter
- Utarbeide felles strategiar for å styrke regionen Møre og Romsdal som ein innovativ, kunnskapsbasert og samarbeidande helseregion
- Arbeide for fleire kombinerte stillingar mellom føretaket og UH-sektoren
- Informere om, og forankre aktivitet og forslag til avgjersler i LSO i eigne organisasjonar
- Det lokale samarbeidet skal understøtte det regionale samarbeidet, og bidra til implementering av regionale avgjersle

Møter

Det lokale samarbeidsorganet skal ha minst 2 møter i året, det vil vurderast fortløpande om ein skal auke møtefrekvensen for å møte det høge ambisjonsnivået for LSO.

Arbeidsutval (AU)

Det er oppretta eit arbeidsutval, som skal vere saksførebuande for det lokale samarbeidsorganet og arbeide med saker av ikkje-strategisk art mellom møta. Arbeidsutvalet består av tre representantar frå HMR (fagdirektør, forskingssjef og utdanningsrepresentant) og to representantar frå UH-sektoren (dekan og instituttleiar). Representantane skal forankre avgjersle i eigen sektor.

Arbeidsgrupper

LSO har mynde til å opprette arbeidsgrupper der ein ser behovet for det. Arbeidsgruppene skal arbeide med konkrete oppdrag etter ein tidsplan og med spesifikke rammer.

Sekretariat

Sekretariatet følgjer leiar og består av to personar. Sekretariatet bistår med administrativ støtte til det lokale samarbeidsorganet og arbeidsutvalet, og står for løpande kontakt og oppfølging mellom møta.